



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 30.05.2017

Sak nr.: 16/9296-12
Internt I.nr. 21812/17

Sak: 21/17

Tittel: Ekspressbåtane Sogn - Bergen

Behandling:

Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:

Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen.
2. Sognebåten held fram som i dag med endestogg i Sogndal.

Endringsframlegg:

Framlegg til nytt punkt 2 frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet:

Hovudutval for samferdsle er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. HS ber leiar av utvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, Visit Sognefjord og Norled om mogelege løysingar for ei slik samankopling. Utvalet ynskjer i dette arbeidet og ei klargjering av kostnad og tal reisande på alle ruter, tur og retur. Det bør og undersøkast høvet til å innføre turistprising.

Endringsframlegg frå Miljøpartiet De Grønne:

1. Av klimaomsyn bør ikkje ekspressbåttilbodet utvidast før nullutsleppsteknologi er moden. Å auke klimagassutsleppa med 360 000 liter (2,2% av fylkeskommunale utslepp) tilsvarer ein auke på 992 844 kg CO₂.
2. Av same årsak bør ikkje endestoppet endrast til Flåm. Her vil tilsvarande klimagassauke bli 541 001 kg. Til saman vil klimagassauken bli om lag 1,5 tonn/år, basert på tala frå saksutgreiinga. I tillegg har Flåm allereie gode forbindelsar til/frå Bergen.
3. Den totale økonomiske situasjonen i prosjekta, tilseier at fylkeskommunen kan pådra seg ei auka utgift på ca 6 millionar kroner. Dette er førebels ikkje realistisk.

Avrøysting:

Miljøpartiet De Grønne sitt framlegg fekk ei stemme og fall.

Det vart stemt punktvis. Fylkesrådmannen sitt punkt 1 vart vedteke mot ei røyst, Miljøpartiet De Grønne.

Fylkesrådmannen sitt punkt 2 vart sett opp mot framlegget frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet. Framlegget frå Senterpartiet og Arbeidarpartiet til nytt punkt 2 vart samråystes vedteke.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Hovudutval for samferdsle rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

1. Det vert gitt høve til å utvide sesongen på ekspressbåten Bergen – Flåm – Bergen med inntil 1 månad i kvar retning. Føresetnaden for ei slik utviding er at reiselivsnæringa og operatør tek ansvaret og den økonomiske risikoen.
2. Hovudutval for samferdsle er positiv til intensjonane med ei betre samankopling av Flåm og nordsida av Sognefjorden heile året. HS ber leiar av utvalet og administrasjonen gjennomføre drøftingar med Sogn Regionråd, Visit Sognefjord og Norled om mogelege løysingar for ei slik samankopling. Utvalet ynskjer i dette arbeidet og ei klargjering av kostnad og tal reisande på alle ruter, tur og retur. Det bør og undersøkast høvet til å innføre turistprising.